



## TRYGG transport til fotballarrangement.

Med rundt 35 lag og meir enn 350 aktive spelarar vert det mange bilturar til bortekampar og turneringar. Stranda IL Fotball har ansvar for at all transport skjer på ein trafikksikker måte. Det er difor viktig at alle laga følgjer reglane for trygg transport.

Stranda IL Fotball sine reglar for trygg transport til arrangement:

- All transport til og frå arrangement skal planleggast med god tidsmargin.
- Fartsgrensene SKAL alltid haldast.
- Sjåføren har ansvar for at alle brukar bilbelte heile tida.
- Ein skal kun nytte køyrety som er i forskriftsmessig og forsvarleg stand.
- Bagasje skal leggast i bagasjerom, og alle lause gjenstandar må vere sikra.
- Ein skal nytte erfarne sjåførar. Lærekøyring skal ikkje førekome.
- Talet på passasjerar må ikkje overstige talet køyretyet er godkjend for.
- Sikring av barn ([tryggtrafikk.no](http://tryggtrafikk.no))
  - Barn under 135 cm skal bruke godkjent barnesikringsutstyr
  - Barn mellom 135- 150 cm og under 36kg skal bruke godkjent barnesikringsutstyr dersom slikt utstyr finns i bilen.